



Marit Karin Færevåg

5549 Røvær

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Sara Brattfjell Hegglund		2022/4056-69		11.08.2023

Informasjon - 154/71 - Detaljregulering for Pollen næringsområde


Viser til merknad i samband med høyring og offentlig ettersyn av Detaljregulering for Pollen næringsområde PlanID 20220008. Merknader vert vurdert i den vidare planprosessen.

Det er etterspurd informasjon om planprosessen og eventuell erstatning i merknaden. Som grunneigar av 154/71 vart det sendt varsel om oppstart jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-8, og innspel vart vurdert. I planprosessen har det ikkje vore gjennomført informasjonsmøte. Som resultat av merknadshandsaming var det i samråd med kommunen vurdert at ABO Plan- og Arkitektur AS, som utarbeidar planforslaget på vegne av tiltakshavar, oppretta dialog med grunneigar for 154/71.


Krav om erstatning kan rettast til kommunen om følgjer av tap ved reguleringsplan følgjer reglande i plan- og bygningslova § 15-3. Det er ein føresetnad at detaljreguleringsplanen er vedteken. Les meir om planprosess [her](#). Krav om erstatning må vere satt fram seinast tre år etter vedtak av detaljregulering er gjort kjent etter pbl § 12-12 jf. pbl 15-3 andre ledd.

I planforslaget er dagens situasjon føreslått regulert som turveg (T) for å sikre eksisterande turveg som innfallsport til friluftsområde for allmennheiten. Eigedom 154/71 røyrast av tilkomstveg bestående av veg (f_KV2), fortau (f_FO2) og annan veggrunn (f_AVG). Viser til plandokument tilgjengeleg i [planarkivet](#).

Som nemnd i brev datert 10.05.23 er mindre delar av eigedom 154/71 avsett til næringsføremål i gjeldande kommuneplanens arealdel. Det gjeld areal markert med lilla innanfor eigedomsgrensene for 154/71. Viser til kartutsnitt av gjeldande kommuneplanens arealdel (figur 1).

Figur 1: Gjeldane kommuneplanens arealdel 2018:

Som nemnd i brev datert 10.05.23 er det kun føreslått at 154/31 og 154/17 regulerast som næringsområde i planforslaget. 154/71 vert ikkje regulert som næringsområde i planforslaget, då arealet er utanfor eigedommane 154/32 og 154/17 som tiltakshavar har som føremål å utvikle til Pollen næringsområde. Dette er vist på kartutsnitt under (figur 2).

Figur 2: Planforslag for Pollen næringsområde:

Ta [kontakt](#) dersom det er spørsmål. Spørsmål vedkjem erstatning og innløsning kan rettast til Kvinnherad kommune, Teknikk og Miljø.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Sara Brattfjell Heggland
Rådgjevar
Plankontoret

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.